



DET KONGELIGE
MILJØVERNDEPARTEMENT

Møre og Romsdal fylkeskommune
Fylkeshuset
6404 Molde

Arkiv	✓
Ansvarlig	
Kontroll	
Saks.	
Intern korr.	
Saksb. korr.	
Eksp. ev	VASH
Svar på	
dek.no:	

Deres ref

Vår ref

Dato

2002/6-6 P/heb

12 MAR 2002

Ark: 722

Møre og Romsdal

Strategisk næringsplan for Møre og Romsdal (2001-2004)

Miljøverndepartementet syner til brev av 20.12.01 frå Møre og Romsdal fylkeskommune vedlagt Strategisk næringsplan for Møre og Romsdal. Planen er handsama i samråd med Samferdselsdepartement, Kommunal- og regionaldepartementet, Utdannings- og forskningsdepartementet, Nærings- og handelsdepartementet og Olje- og energidepartementet.

Vedtak:

Miljøverndepartementet godkjenner Strategisk næringsplan for Møre og Romsdal, vedteke i fylkestinget 19. juni 2001. Vedtaket er gjort i medhold av §19-4 i plan- og bygningslova og kongeleg resolusjon av 16. mars 1990.

Innleiing

I det regionale planhierarkiet står strategisk næringsplan mellom fylkesplanen og regionalt utviklingsprogram. Strategisk næringsplan definerer strategiske innsatsområde med program som gir rom for justeringar undervegs i planperioden.

Formålet med Strategisk næringsplan for Møre og Romsdal 2001-2004 er :

- Å utforme eit styringsverktøy med mål og strategiar for næringsutviklinga som ein felles basis for næringsliv og styresmakter.
- Å identifisere program, tiltak og forvaltning av verkemiddel som gjev måloppnåing.
- Å etablere ei kontinuerleg arbeidsform der ein ivaretek kommunikasjon mellom det offentlege og næringslivet.
- Å medverke til rolle- og ansvarsdeling mellom ulike aktørar.

Postadresse
Postboks 8013 Dep
0030 OSLO

Kontoradresse
Myntg/2
postmottak@md.dep.no
www.miljo.no

Telefon*
22 24 90 90
Org. nr 972 417 882

Avdeling for regional planlegging
Telefaks
22 24 95 60

Saksbehandler
Henning Berby
22 24 59 79

Bransjeanalysar førte fram til følgjande strategiske innsatsområde:

- Kompetanse
- Innovasjon, nyskaping og nettverk
- Konkurranseskraft i ein internasjonal marknad
- Robuste bu- og arbeidsmarknadsregioner

Kommentarar frå departementa

Fylket gis ros for god næringslivsforankring. Ein legg særleg merke til at næringslivet har leia fag- og temagrupper. Dette er eit eksempel på medverknad frå næringslivet som bør følgjast opp av andre fylke.

Eg vil og gi honnør til den gode strukturen i planarbeidet, m.a. planprogram som ei metode for iverksetjing. Planen synleggjer på ein god måte samanhengen mellom innsatsområde og program. Tiltaksansvarlege er definert og tiltaka har vore diskuterte, justerte og prioriterte i forhold til realistisk aktivitet og tilgjengelege ressursar. Dette er eit godt grunnlag for oppfølging av planen.

Departementa har med interesse merka seg fylket si vilje til ei offensiv satsing på kompetanse og kunnskapsutvikling. Ein ser det som positivt at fylket søker å fremme kompetanseutvikling med ankerfeste i lokal industriverksemd, at det vert lagt vekt på samarbeid mellom utdanning og næringsliv, at ein i tilknytning til Kompetansereforma og ved hjelp av livslang læring ønskjer å sikre kunnskapsoppbygginga i arbeidslivet også på andre måtar enn gjennom det ordinære utdanningssystemet.

Med helsing



Børge Brende

Kopi:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Kommunane i Møre og Romsdal
Statens vegvesen i Møre og Romsdal
Samferdselsdepartementet
Kommunal- og regionaldepartementet
Nærings- og handelsdepartementet
Utdannings- og forskningsdepartementet,
Olje- og energidepartementet.